

## Gode dagar i Tokkebarnehagen



Når det gjeld årsplan generell del som denne årsplanen bygger på, så er den tilgjengeleg på heimesida vår.

For å synleggjere dagleglivet og innhold i Høydalsmo barnehage samt arbeid med fagområda nyttar vi oppslag på vegg, vekebrev, utstilling av temaarbeid og informasjon/dagbok i Visma-app,

## Årsplan Høydalsmo barnehage 2023-2026 – del II



## **Om barnehagen:**

Høydalsmo barnehage er ein kommunal barnehage. I august 2022 flytta me inn i nye lokalar.

Barnehagen har to aldersdelte avdelingar. Det vil sei, delt opp etter alder slik at aktivitetar og tema er tilpassa barnas alder og utvikling. På avdeling Tuss er det barn mellom 1 og 3 år. På avdeling Troll er det barn mellom 3 og 5/ 6 år. Desse avdelingane samarbeider tett og er ofte saman på morgonen og på ettermiddagen.

**Opningstid:** Fem dager i veka, kl. 07.00- 16.30

**Besøksadresse:** Knut K.  
Hovdensveg 7, 3891 Høydalsmo

**Postadresse:** Storvegen 60,  
3880 Dalen

## **Kontaktinformasjon:**

**Styrar:** Dagny E. Skjelbreid

### **Tlf.nr. barnehagen:**

Avdeling Tuss 40912440

Avdeling Troll 40914638

### **Tlf. nr. styrar:**

kontor: 350 75 290

mobil: 47662420

### **E-post:**

[dagny.skjelbreid@tokke.kommune.no](mailto:dagny.skjelbreid@tokke.kommune.no)

## **PRAKTISK INFORMASJON:**

### **Fråvær**

Gje beskjed via Visma eller telefon innan klokka 09:00 dersom barnet ikkje kjem, eller om det kjem seinare på dagen. Slik kan me betre planlegge dagen og omdisponere ressursar til det beste for dei fleste.

### **Barn og sjukdom i barnehagetida:**

I løpet av barnehagetida kan ein frå tid til annan oppleve at barna blir sjuke. Den første tida etter barnehagestart kan vere hektisk, og den eine forkjølinga etter den andre kan råke barna. Det er heller ikkje uvanleg med oppkast og diare. Mange barn og nye omgjevnader serverer eit stort spekter av smittestoff som me ikkje har heime.

Å sende barna for tidleg tilbake til barnehagen kan føre til at barna er meir mottakelege for ny smitte. Det er alltid allmenntilstanden til barna som avgjer om dei kan vere i barnehagen eller bør vere heime. Allmenntilstanden må vere god nok til at barna kan og orkar å delta aktivt i leik både inne og ute, i ein heilt vanleg barnehagekvardag.

Enkelte sjukdomar krev ulike smittevern tiltak. Oppkast og diare medfører stor smittefare, og regelen er då at barna bør vere heime 48 timer etter siste tilfelle av oppkast eller diare. For ytterlegare informasjon vil me anbefale folkehelseinstituttet sine heime sider:

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne>

**Levering og henting:**

Levering og henting er naturlege situasjonar for kontakt mellom foreldre/føresette og personalet. Det er viktig at dei som leverar og hentar barna sikrar at dei har denne kontakta, slik at overlevering av ansvaret for barna skjer på ein trygg og sikker måte.

Skal barnet bli henta av andre enn foreldre/ føresette må barnehagen få beskjed om dette, gjerne gjennom ei melding i Visma. Ved arrangement i barnehagen der foreldre/ føresette deltek er det foreldre som har ansvaret. Alle portar i barnehagen skal latast att kvar gong du opnar den, uansett – me har ingen barn å miste.

**Oppstart og tilvenning i ny barnehage:**

De vil få tilbod om ein oppstartssamtale før barnet ditt startar i barnehagen. Her legg me saman ein konkret plan for tilvenninga og blir litt kjent med barnet sine behov.

Målet for perioden med oppstart og tilvenning er ikkje å trenre barna og foreldra til å «seie ha det» til kvarandre, men å gjere både barn og foreldre så trygge på barnehagen at det kan opplevast greitt å skiljast. Kor lang tid dette vil ta vil variere frå barn til barn. Av dette grunn har Tokkebarnehagane laga ein plan for tilvenning som kan gå over 10 dagar. Den fyrste tida til barn i barnehage bør innehalde korte dagar.

Me i Høydalsmo barnehage ynskjer å leggje til rette for ei positiv oppleving - både for barnet sjølv og for foreldra.

**Mattilbod:**

Barna får kvar dag lunsj og ettermiddagsmat i barnehagen. Lunsj er smøremåltid og varmmat ein dag i veka. På ettermiddagen blir det servert eit lettare måltid med t.d. knekkebrød/brød og deretter frukt. Barn kan gjerne ha med seg niste til frukost. Om foreldre ynskjer eit større måltid på ettermiddag kan foreldre lage niste med tanke på dette.

Frå hausten 2023 er barnehagen ein « Liv og røre barnehage». Kosthold og matglede bygger derfor på Helsedirektoratets nasjonale faglege retningsliner for mat og måltid i barnehagen.

**Ferie:**

Barnehagen i Høydalsmo vert stengt tre veker i juli månad.

Barnehagane i Tokke er stengd jole- og nyttårseftan, onsdag før skjærtorsdag etter kl. 12.00 og alle helge- og høgtidsdagar.

For at barnehagane skal ha ope i romjola og mellom palmesundag og skjærtorsdag, må minimum 6 plassar vere fylt.

Alle barn skal ha 4 vekers ferie, 3 av dei skal vera samanhengande.

( *barnehagevedtekter for Tokke*)



## **DETTE TRENG BARNET I BARNEAGEN:**

Skiftetøy: sokkar, bukse, genser, truse o.l. Her vurderer føresette kor stort behovet er med tanke på kor mykje klede ein skal ha med. I nokre periodar vil det vere naturlig med ekstra skiftetøy, t.d. bleieslutt eller vått ver.

Mellomlag av ull/fleece treng dei vår, haust og vinter.

For småbarn er det viktig at vottane har god gripeevne, og passar barnets hendar. Me erfarer at tynne vottar (gjerne ull) kan varme godt på hausten/ ved litt kaldt ver.

Regnvottar er best ved mildt og vått ver. Tjukkare vottar på vinteren er bra.

Overtrekkslag kan vere dress, utebukse eller regnsett. Det er viktig og sjekke strikken under skoa.

Sko som passar til årstid. Inne-sko er godt ( lette joggesko, sandaler eller tøflar )

Sovebarn treng vogn, vinter-sovepose. Barna kan sove i eit svalt soverom. Tynne ullvottar kan og vere godt for dei som sov i barnehagen. Sutt og kosedyr treng merking.

Ved merking av klede er det lettast for oss med namn og/eller etternamn. Det kan bli misforståingar ved andre namn me ikkje kjenner til.

Dei treng drikkeflaske/drikkekopp. Me erfarer at drikkeflasker med «drikketut» og ikkje «open tut» er enklast for dei minste barna.

På sommarhalvåret ynskjer me at barna blir smurt med solkrem heime før dei blir levert i barnehagen. Om de legg att ein solkrem kan me ettersmørje utover dagen, ev. etter frukt. - Solbriller kan også vere godt for barna i sterkt sol.

Hugs at uteklede skal takast med heim til vask ved behov, og hyller skal tømmast til fredagen. ( Dersom utekleda henger ute på knaggen ved inngangen SKAL dei takast med heim og vaskast/turkast )



## SATSINGSOMRÅDE FOR BARNEHAGANE I TOKKE 2023-24

Barnehagane i Tokke blir «**Liv og røre barnehagar**» med oppstart frå hausten 2023.

### **Målsetting:**

Å fremje helse, trivsel og inkludering som grunnlag for læring og livsmestring.

### **Fysisk aktivitet og bevegelsesglede**

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede bygger på Helsedirektoratets tilrådingar, og skal vere ein naturleg del av barnehagens kvardag.



### **Kosthald og matglede**

Kosthald og matglede bygger på Helsedirektoratets nasjonal fagleg retningline for mat og måltid i barnehagen.

Me vil legge opp til at foreldre/føresette får informasjon om vekas meny om det blir servert varmmat.



## SATSINGSOMRÅDE FOR HØYDALSMO BARNEHAGE 2023/2024

Satsingsområde	Dette gjer vi
<b>LEIK, LEIKEMILJØ, VENNSKAP, INKLUDERING OG LÆRINGSMILJØ</b>	<p>Med hjelp av dei ulike ÅRSTIDENE drar me inn alle fagområda frå rammeplanen (R-17) og jobbar med progresjonsplanen (sjå tokke.kommune.no/høydalsmo barnehage/progresjonsplan).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST</li> <li>• KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE</li> <li>• KUNST, KULTUR OG KREATIVITET</li> <li>• NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI</li> <li>• MENGD, ROM OG FORM</li> <li>• ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI</li> <li>• NÆRMILJØ OG SAMFUNN</li> </ul>
<b>LEIKEN ER VIKTIG</b>	<p>Barnehagen skal vareta barnas behov for leik Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.</p> <p>Me har ein felles halding til å sete leiken høgt i personalgruppa og me sikrar at leikemiljøet blir jamleg drøfta i personalmøte og på avd.møter.</p> <p>Mykje av kvardagen til barn består av leik. Leik er viktig og har stor meinig for barnet si utvikling og evne til å bli sosial. Leik kan stimulere alle sider ved barns utvikling, og den er eit veldig sentralt område for læring. Lillemyr, Ole Fredrik, universitetsforlaget 2009, «Lek på alvor».</p> <p>Barn sin leik fortel oss vaksne mykje om deira læring, utvikling og evne til å bli sosial, samstundes som leikeopplevingar og leikefaringane barna får, gjev dei erfaringar dei har bruk for seinare, og som bidreg til deira læring og utvikling. Leiken har altså ein eigenverdi for barnet. Lillemyr, Ole Fredrik, universitetsforlaget 2011, «Lek på alvor».</p>

## SPRÅKLEIK

Fem tips for å bygge opp språket med små barn.

### 1. Sett ord på alt

Gjer det til ein vane å sette ord på alt de gjer i forskjellige situasjonar, og snakk om det de ser. Det er koseleg for barnet å ha denne kontakten med deg, og det bygg og opp ordforrådet og språket.

### 2. ..men lytt enda meir

Vær merksam på alt som barnet sjølv uttrykker, til dømes med lydar, bevegelsar, mimikk og augo. Om me vaksne er flinke å lyttar vil barnet , vil dei kommunisere meir med oss. Dersom me tolkar og set ord på det me trur barnet tenker, kan me få ein ordentleg , språkutviklende samtale – sjølv før barnet har sagt sine første ord.

### 3. Bruk gestar og teikn

Ved å bruke gestar, eller teikn, når me snakkar med dei små, forsterkar me det me seier, og støttar språkutviklinga. På denne måten visar me og korleis barnet sjølv kan bruke kroppen for å gjere seg forstått, før det kan ei eit ord. Alle dømer på å kommunisere på er gode!

Vidare språkleik .....

### 4. Babl i veg, og byt på å lage lyd.

Med pludringa trenar barnet på å få kontroll over alle dei små musklane me brukar når me snakkar. Me vaksne kan oppmuntre barnet ved at me leiker med lyd og lokkar barnet til å herme etter oss. Ha augekontakt, skjær morosame grimasar og babl i veg – det kan ta tid for barnet å « svare», men plutselig skjer det.

### 5. Les, syng, bruk rim og regler

Sjå i bøker saman, la barnet høre sangar, rim og regler og bruk berøring og kiling. Barnet ditt likar å høre stemma di og samlar samtidig opp ord, lydar og språkmelodi til den dagen då tida er inne for å begynne å bable sjølv.

( sprakbyggarna.no )

Det finns uendelige situasjonar i kvardagen som eignar seg for å leike med språk. Me ynskjer å utnytte dei.

På småbarnsavdelinga ynskjer me å bruke Babblarane i språkleik for å leike fram tale og språk. Babblarane er ein gjeng fargerike figurar, men me har også bøker som omhandlar dei.

For nokon barn er Babblarna til konkret hjelp, og for andre fungerer dei meir som pedagogisk og morosam underholdning. Bøkene er skrevet på ein slik måte at barnet får ein tydelig rolle i boklesinga og bidrar til å drive fortellinga framover. Å lage lyd og bable er bærende element, men turtaking og begrepslæring er også viktige innslag.

<p><b>SPRÅKUTVIKLING OG SPRÅKSTIMMULERING</b> ( for alle barna , men fokus på dei litt større barna)</p> <p>Språkplan for barnehagar i Tokke kommune: Hovudmål: Styrke språkutviklinga hjå barn med norsk som fyrste – og andre språk.</p> <p>Metode: Arbeide med språk skal være lystbetona, leikebetona og gje born ei oppleving av meistring.</p> <p>Tidleg innsats er ikkje Vent og sjå.</p>	<p>Personalet har fokus på gode språkstimmuleringstiltak ( jmf Språkplan for barnehagane i Tokke kommune )</p> <p>Årshjul for språkstimmulering:</p> 
<p><b>Å RYDDE ETTER SEG</b></p>	<p>I barnehagen har leikene sine faste plassar. Når leikene blir rydda og sortert på sin faste plass, blir det skapt trygghet for barnet. Dei minste barna lærer raskt kvar dei skal finne tinga dei treng på denne måten. Barna treng rutinar og system.</p> <p>Det er læring i rydding. Å rydde kan handle om matematikk. Leikene har ulike fargar, formar og størrelsar og kan sorterast etter ulike plassering/eigenskaper. ( lego i ein kasse, småbilar i ein kasse og store bilar i anna kasse) Rydding kan vere med på å trenere grovmotorikken. Det er fysisk aktivitet med mening.</p> <p>I barnehagen har barna rutinar på å rydde litt før ny leik og dei kan hjelpe til med å dekke på til mat og rydde etter seg etterpå. Det er og ynskjeleg at foreldre er med oss på dette; hjelper barne å rydde før dei reiser heim etter ein barnehagedag. Regelen kan vere : I barnehagen ryddar eg ein sykkel eller leiker etter alder før eg går heim for dagen. (2 år = rydde sykkel / rydde to leiker. 5 år = rydde sykkel/ rydde fem leiker)</p>

## Barn og barndom

*Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens eigenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehage skal grunngje sine vurderingar ovafor foreldre og ta omsyn til foreldre sine synspunkt. Samarbeidet skal sikre barnehagen greier å utføre sitt samfunnsmandat.*

Så fint du sa i frå om det!



**Dette kan du forvente av oss:**

- Du skal møte nære, omsorgsfulle personale som gjev mykje kjærleik, glede og humor skal vere eit viktig element i kvardagen vår.
- Du skal føle deg trygg på at barnet ditt vert sett og høyrt i barnehagen.
- Du skal bli møtt på høfleg og respektfull måte.
- Du skal møte eit positivt personale som gjev god informasjon om barnehagens kvardag, slik at du kjenner deg trygg på at barnet ditt får ein god dag.
- Du skal få god informasjon om barnehagen gjennom årsplan, månadsbrev og generell info via Visma.
- Du skal forvente at me samarbeider med deg og hjelper deg med å gje ditt barn ei god utvikling i leik med andre barn, og i kontakt med oss vaksne.
- Du skal kjenne tryggleik for å ta opp ting du er usikker på, misfornøgd med eller lurar på.
- Du skal vite at personalet og vikarar har teieplikt.
- Du kan forvente at me er serviceinnstilt og brukarvennlege. Du kan forvente at me stadig har som mål å tenkje og utvikle kvalitet gjennom fagleg oppdatering.

**Dette forventar me av deg som føresett:**

- Du gjev oss nødvendig informasjon om barnet ditt, slik at me veit om helse, søvn, dagsform og eventuelle endringar i familiesituasjon.
- Du møter opp på foreldremøte, foreldresamtaler, dugnad og andre arrangement som barnehagen har ansvar for.
- Du les planane våre og held deg orientert om det som skjer rundt barnet i dagleglivet i barnehagen.
- Du gjev konstruktiv tilbakemelding på saker som opptek deg.
- Du ringer og gjev beskjed dersom barnet ditt ikkje kjem, eller om de er forsinka. Du gjev og beskjed om det er andre som skal hente barnet ditt.
- Du tek kontakt med dei tilsette ved bringe- og hentesituasjonar. Dette for å sikre at ansvar for barnet blir gjeve vidare.
- Du har til ei kvar tid oversikt over at barnet ditt har nok skift og hensiktsmessige klede i høve til årstid, vær og temperatur.
- Det du ser i barnehagen av andre barn skal ikkje vere samtaleemne utanfor barnehagen.

## Årshjul Høydalsmo barnehage 2023-24

Aktivitet	Månad	Dato	Merknad
Planleggingsdagar	August	15 og 16 august	Barnehagen stengt
Oppstarts-samtalar og tilvenning av nye barn	August og september		Eige rutine
Friluftsveke - Turbotrakk	August	29.august	Aktivitetsdag / Natursti i samarbeid med DNT.
Hausttur I	September		Hausting av lokale frukter – sylting
SU - møte	September	18.september	Godkjenning av Årsplan kl. 15.45 – 17.45
Foreldremøte	September	25.september	Klokka 16.30 – 18.45
Haustveker 36 – 39 med Hausttakkefest veke 39	September	29.september	Me dekker bordet og et eit godt måltid Kan me lage kunst av hausten?
Stopp – regelen	September/ Oktober		«Når nokon gjer noko mot meg som eg ikkje likar, skal eg seie «STOPP». Eg skal seie «STOPP» når andre vert plaga. Eg skal respektere at andre seier «STOPP»
Haustferie for skulane	Oktober	9.oktober – 15.oktober ( veke 41 )	Barnehagen er open
Brannøving	Oktober		I barnehagen vil me vise barna nødutgangane og øve på kva me skal gjere dersom brannalarmen blir utløyst.
Verdens-dagen for psykisk helse	Oktober	10.oktober	Me treng å høyre saman #lagplass. Fokus på venskap, mangfold og gjensidig respekt. Å høyre til ein stad er eit grunnleggande behov; og føle at du er ein del av eit fellesskap kor du er respektert, sett og forstått som den du er

Samhald Kan me gleda andre ?	Oktober		Me vil lære å ta vare på kvarandre. Me skal lære oss å setje oss inn i andre sin situasjon. Ungane kan fortelje si historie, «kven er eg?» Gjennom desse samtalene skal me bli betre kjend og få vita meir om kvarandre og dermed knytte tettare band. Me skal ha respekt for kvarandre, vere inkluderande, opne, demokratiske og forståelsesfulle.
Planleggingsdag	November	3.november	Barnehagen stengt
Foreldrekaffe	November		Barnehagen invitere til ein kaffe/tekopp før henting ein ettermiddag
Barns medverknad - leikemiljø	November		Det at barn viser initiativ til å gjera ein konkret ting, eller at personalet gjer større strukturelle endringar av rom eller materiell, kan vere eksempel på dette. Endringar vert gjort på grunnlag av observasjonar og tolkingar av barnegruppas ulike behov. Til dømes kan me tilretteleggje avdelinga for ein spesiell type leik, dersom me ser at gruppa er opptekne av dette.
Advent -samlingar	Desember		Lese bøker, markere advent, bygge forventningar, men samtidig skape ro i advent
Advents- kalender ( bokkalender)	Desember		Trekke og lese bok ( <b>innpakka favorittbok</b> )

			som barna har hatt med i barnehagen
Luciafeiring og anna kulturformidling rundt advent og jol.	Desember	13.desember	Gje barna kjennskap om og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og event. andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.
Ljosvandring og song ved alderspensjonat	Desember		I samarbeid med skulen
Advents og nissefest med jolebord for barna	Desember		Fellesdag på huset
<b>Fyrste og andre joledag</b>	<b>Desember</b>	<b>25. og 26.desember</b>	<b>Barnehagen stengt</b>
<b>Planleggingsdag</b>	<b>Januar</b>	<b>02.januar</b>	<b>Barnehagen stengt</b>
Samenes dag	Februar	6.februar	Markere dagen med aktiviteter
Vinterferie for skulane	Februar	19.februar – 25.februar ( Veke 8 )	Barnehagen er open
Temadag snø og is	Februar		Kva kan me lage av snø og is ?
Ake og skidag	Februar		Aktivitetsdag / fellesdag på huset
Fastelven – karneval	Februar		Karneval tema: yrker
Den internasjonale dagen for Downs syndrom	Mars	21.mars	Tema : Mangfold Me markerer dagen med å gå med ulike sokkar - Rokkesokk
Open dag	Mars		Formålet er å gjøre synleg kva barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen. Barnehagen opnar dørene for å vise fram barnehagens aktiviteter og mangfold.
Verdens bokdag - Bokveke	April	23.april / Veke 17	Markere med ei bokveke. I samarbeid med biblioteket og skulen vil me ha ekstra fokus på litteratur for barn.
Våren	April		Me vil prate om våren og så frø i

			jorda for å sjå og oppleve at nytt liv spirer.
01.mai – offentleg høgtidsdag	Mai	01.mai	Barnehagen stengt
Kristi Himmelfarsdag	Mai	09.mai	Barnehagen stengt
Planleggingsdag	Mai	10. mai	Barnehagen stengt
Leike og øve på å gå i tog med skulen	Mai	16.mai	Markerar nasjonaldagen med å øve på å gå i tog i samarbeid med skulen.
17.mai	mai	17.mai	Barnehagen stengt
2.pinsedag		20.mai	Barnehagen stengt
Brannvernsveke – Bjørnvis -brannøving	Mai/juni		I brannvernveka vil me prate om brannvern i barnehagen og heime. I barnehagen vil me vise nødutgangane og korleis dei skal gjere dersom brannalarm blir utløyst.
Synleg regnbogeflagget som markering	Juni		Me vil snakke om vennskap, mangfald, gjensidig respekt, likestilling og likeverd. Me vil markere dette i juni, ved å bruke regnbogeflagget hjå oss.
Leik med vatn og solvettreglar	Juni		
Sommerfest med foreldre	Juni		
Sumar stengt barnehage	Juli	8.juli – 28.juli	Barnehage stengt

## KOMMUNIKASJON

Du kan følgje med på kva barnet ditt opplev i barnehagen, gjennom Visma Flyt Barnehage.

Me brukar denne til dialog mellom heim og barnehage.  
T.d. finn du bilete i dagbok, beskjeder og meldingar der.

På Visma skal du:

- Skrive meldingar til avdelinga til barnet ditt.
- Melde om fråvær på ditt barn (sjukdom, ferie/fri).
- Legge inn helseinformasjon rundt ditt barn
- Gje ulike samtykke til barnehagen

Last ned «Visma- min barnehage» frå App-store eller Google play.

Logg inn med ID-porten, vel din kommune ved å skrive inn Tokke.

Logg inn med elektronisk ID, lag og bekreft ein personleg PIN-kode.

## Aktuelle linkar :

Heimesida:

[Barnehage - TOKKE KOMMUNE](#)

Liv og røre:

[Vestfold og Telemark fylkeskommune - Liv og røre i barnehager \(vtfk.no\)](#)

Barnehagepakken Stine Sofie Stiftelsen:

[Barnehagepakken inspirerer og er enkel å bruke - SSS \(stinesofiesstiftelse.no\)](#)